

MØTEINNKALLING

Utval: **KOMMUNESTYRET**
Møtestad: **Tingsalen**
Møtedato: **09.06.2009** Tid: **13.00**

Event. forfall må meldast til tlf. 57 65 56 00. Varamedlemer møter etter nærare varsel.
Saksdokumenter er utlagde i Service-ekspedisjonen og i biblioteket.

SAKLISTE:

Sak nr.	Arkivsak nr.	Tittel
20/09	09/347	Søknad om konsesjon til kraftutbygging i Henjaelvi og Grindselvi i Leikanger
21/09	09/332	Søknad om oppreisning
22/09	08/725	Gjennomgang av tenesteproduksjonen i Leikanger kommune
23/09	09/331	Årsmelding kontrollutvalet 2008
24/09	09/289	Rekneskapen - 2008
25/09	09/40	Årsmelding 2008 for Leikanger kommune

LEIKANGER KOMMUNE

MØTEBOK

Søknad om konsesjon til kraftutbygging i Henjaelvi og Grindselvi i Leikanger

Sakshandsamar: Odd Arve Rakstad
 Arkivsak nr.: 09/347

Arkiv:

Sak nr.:	Utval	Møtedato
/	Formannskapet	09.06.2009
20/09	Kommunestyret	09.06.2009

TILRÅDING:

Leikanger kommunestyre vedtek:

1. Leikanger kommunestyre vil tilrå at Sognekraft AS får konsesjon for utbygging av Henjaelvi og Grindselvi til kraftproduksjon etter alt A.
2. Kommunestyret vedtek vedlagte framlegg til ” Utbyggingsavtale mellom Sognekraft AS og Leikanger kommune” datert .../... 2009
3. Kommunestyret vedtek at det må setjast følgjande vilkår for konsesjonen:
 - a. Det er eit klart og ufråvikeleg vilkår at Leikanger kommune har ei godkjent og trygg drikkevassforsyning både i anleggsperioden og etter at utbygginga er ferdig. Utbyggar må bera alle kostnader med planlegging og utbygging av vassforsyningsanlegget. Utbyggjar må òg ta driftskostnadene med eventuelle ekstra reinsetiltak som fylgje av utbygginga.
 Drikkevassforsyninga skal ha prioritet framfor kraftanlegget og utbygginga av kraftanlegget kan ikkje startast opp før ei endeleg og godkjent løysing for drikkevassforsyninga er ferdig utbygd.
 Dersom utbygging av Leikanger Kraftverk elles påverkar vasskvaliteten og ei sikker og tilfredsstillande drikkevassforsyning, pliktar Sognekraft AS å gjennomføre avbøtande tiltak.
 - b. Det må setjast krav om minstevassføring i begge elvane der ein tek særleg omsyn til Henjaelvi som renn i eit mykje brukt nærturområde i sommarhalvåret.
 Det skal setjast opp målestasjonar som gjer det mogleg for ålmenta å få stadfeste at krava til minstevassføring blir etterlevd.
 - c. Det må setjast krav om bygging av tersklar i Henjaelvi på dei flate partia ved Fivelhola/Flya og andre delar av elva der terrenget gjev effekt av tiltaket samt gjerast avbøtande tiltak i den nedre delen for å sikre eit størst mogleg vasspegel

gjennom sentrum. Planar for desse tiltaka skal godkjennast av Leikanger kommune.

- d. Utbetring av eksisterande og bygging av nye vegar må skje så skånsamt som mogeleg og med moderate masseflyttingar. Sårskader i terrenget skal reparerast. Vegane skal vera opne for ålmenta etter at utbygginga er ferdig så langt det ikkje er fastlagt særskilte klausuleringar som stenger for almen ferdsel.
- e. Kommunen går imot bygging av ny anleggsveg frå krysset til tippet i Henjadalen og opp til inntaka i Slettabotn og Traståna, då denne vegen ikkje er naudsynt for kraftutbygginga.
- f. Det må gjerast støydempende tiltak ved tunnelpåhogget ved Suppam i anleggsperioden
- g. Det må setjast særlege krav til plassering av tippmassane og arrondering av desse etter utbygging. Massedeponia i Henjadalen og Grindsdalen må såast til og bli liggande urørde i framtida.

DOKUMENT:

- Sognekraft AS – søknad om konsesjon dat 31.10.2008 (vedl)
- Framlegg til utbyggingsavtale mellom Sognekraft AS og Leikanger kommune (vedl)
- ”Samandrag av av ”Samarbeidsavtale Leikanger Kraftverk” (Grunneigaravtalen) (vedl)
- Samanstilling av konsekvensutgreiinga – konklusjonar (vedl)
- Multiconsult – konsekvensrapport ”Samfunnsmessige virkningar) – vedl
- ECON – notat 2009-024 vedk Falleie og skatteinntekter frå Leikanger Kraftverk (vedl)
- Mattilsynet – brev dat 25.03.2009 vedk konsekvensar for Leikanger vassverk – (vedl)
- Fylkesmannen, -brev dat 27.05.09 vedk kompensasjonsavtale med Sognekraft (vedl)
- Multiconsult – øvrige rapportar vedk konsekvensutgreiing av ulike tema –ikkje vedlagt men vist til nettstad der rapportane ligg tilgjengelege

SAKSUTGREIING:

Bakgrunn

Sognekraft AS har søkt NVE om konsesjon til å bygge ut delar av Henjaelvi og Grindselvi i Leikanger kommune til kraftproduksjon. Ei utbygging av kraftverket fører til at det må byggjast ei ny 132 kV kraftleidning frå Suppam til planlagt transformatorstasjon ved Seljevollen i Grindsdalen.

Det er utarbeidd to alternativ for utbygging av Leikanger kraftverk, alternativ A og B. For begge alternativa er det gjennomført konsekvensutgreiingar.

Sognekraft AS søker om konsesjon for alternativ A.

Ei utbygging etter dette alternativet vil kunne gje ein midlare årsproduksjon på 184,1 GWh.

Sognekraft AS er eigd av BKK AS (44,4%), Luster Energiverk AS og fem kommunar i Sogn.. Selskapet har konsesjon for distribusjon av straum i kommunane Balestrand, Leikanger,

Sogndal og Vik, samt Frønningen i Lærdal kommune. Sognekraft AS leverer kraft til om lag 8 000 husstandar (2007). Gjennomsnittleg årsproduksjon utgjer 349 GWh i eigen produksjon og 97 GWh gjennom medeigardel i Vikfalli.

Det er inngått samarbeidsavtale med alle fallretts- og grunneigarar i Grindsdalen og over kote 135 i Henjadalen. Det er ikkje inngått avtale med fleirtalet av grunneigarane i linetraseen mellom Suppam og Seljevollen og grunneigarane i Suppam.

Det er inngått eigen utbyggingsavtale med Leikanger kommune. Avtalen omhandlar samfunnsmessige økonomiske kompensasjonar samt kommunen sine fallrettar i Henjaelvi.

Utbygginga i Henjaelvi vil få konsekvensar for kommunen si drikkevassforsyning. Sognekraft AS har ikkje ferdigstilt endelege planar for korleis drikkevassforsyninga skal sikrast, korkje i anleggsperioden eller i etterkant. Utbyggingsavtalen regulerer at drikkevassforsyninga har prioritet framfor kraftanlegget.

Utbyggingsplanane

Alternativ A

Leikanger kraftverk utnyttar 43 km² av Henjaelvvassdraget og 25,7 km² av Grindselvvassdraget gjennom 5 bekkeinntak i Grindsdalen og 6 bekkeinntak i Henjadalen. Kraftstasjonen vert liggjande i fjell ved Suppam. Driftstunnelen vil verta om lag 15 km frå kraftstasjonen til det fjernaste bekkeinntaket i Reisetåi. Kraftverket får ingen reguleringsmagasin i nokon av inntaka. Store Trastadalsvatnet i Henjaelvvassdraget vil verta nytta som reguleringsmagasin for tapping til inntaket i Traståna, men det vert ikkje endring av reguleringsgrensene i høve til i dag. Kraftverket får avløp ut i Sognefjorden og får ei midlare brutto fallhøgde på 595 m.

Alternativ B

Dette alternativet utnyttar 51 km² av Henjaelvvassdraget og 33 km² av Grindselvvassdraget gjennom 2 bekkeinntak i Grindsdalen og 2 bekkeinntak i Henjadalen. Kraftstasjonen vert liggjande i fjell ved Suppam. Driftstunnelen vil verta om lag 9 km frå kraftstasjonen til inntaket i Henjaelvi. Store Trastadalsvatnet vil verta nytta som reguleringsmagasin for tapping til inntaket i Henjaelvi, men det vert ikkje endring av reguleringsgrensene i høve til i dag. Kraftverket får avløp ut i Sognefjorden og får ei midlare brutto fallhøgde på 360 m.

Frå kraftstasjonen vert krafta ført ut i kabel gjennom ei fullprofilbora sjakt opp til om lag kote 220 i lia ovanfor Suppam. Her i frå vert krafta ført vidare i ei ny 3,4 km lang 132 kV linje til planlagt transformatorstasjon ved Seljevollen i Grindsdalen der den vert ført vidare på Statnett sitt regionalnett.

Nøkkeltal

	Eining	Alternativ A	Alternativ B
NEDBØRSFELT	km ²	68,7	84,0
MIDDELVASSFØRING	m ³ /s	4,86	5,46
RETFELT	km ²	38,9	23,6
FALLHØGD	m	595	360
SLUKEEVNE	m ³ /s	14,6	16,4

LENGDE DRIFTSVASSVEG	m	15 570	9 830
INSTALLERT EFFEKT	MW	77	53
MIDLARE ÅRSPRODUKSJON	GWh	184,1	124,9
UTBYGGINGSKOSTNAD	mill.kr.	628,5	445,2
UTBYGGINGSPRIS	kr/kWh	3,41	3,56

Gjennomføring av planane

Alternativ A

Utbygginga av kraftverket skjer frå tre anleggstader: Kraftstasjonsområdet ved Suppam, eit tverrslag ved Gildalsbrekka i Grindsdalen og eit tverrslag nedanfor Nyastølen i Henjadalen. Det må byggast ny veg frå eksisterande veg i Henjadalen til tverrslaget i Henjadalen. Vegen er etter ynskje frå grunneigar forlenga derifrå og opp til bekkeinntaka i Traståna og Slettedalen. I tillegg må om lag 4 km av eksisterande veg utbetrast. I Grindsdalen går eksisterande veg mest heilt opp til tverrslaget, men 7 km av den må utbetrast.

Tunnelmassane som kjem ut frå tverrslaga i Henjadalen og Grindsdalen (høvesvis ca 230 000 og 190 000 m³) vert plassert i massedeponi i dalføra. Noko av tunnelmassane vert nytta til forsterkning og bygging av vegar. Tunnelmassane som vert tekne ut frå kraftstasjon, drifts-, tilkomst-, og avløpstunnelen ved kraftstasjonen ved Suppam (ca 160 000 m³) kan nyttast til utbetring av vegar i området og planeringsarbeid ved kraftstasjonen. Overskytande massar vert deponert i fjorden.

Det vert lagt mellombels kablar til anleggstadane frå eksisterande 22 kV nett.

Til bygginga av dei andre bekkeinntaka og 132 kV-linja vil det bli brukt helikoptertransport og/eller terrenggåande køyretøy.

Alternativ B

Utbygginga av kraftverket skjer også her frå tre anleggstader: Kraftstasjonsområdet ved Suppam, eit tverrslag ved Seljevollen i Grindsdalen og eit tverrslag nedanfor Flyane i Henjadalen. Det må byggast 300 m ny veg med bru frå eksisterande veg i Grindsdalen til tverrslaget og 100 m veg til inntaket. I Henjadalen vert det bygt nokre mindre vegar til inntak og tverrslag. Eksisterande vegar må utbetrast opp til inntaka i Grinds- og Henjaelvi. Tunnelmassane som vert tekne ut frå tverrslaget i Henjadalen og Grindsdalen (høvesvis ca 100 000 og 130 000 m³) vert plassert i massedeponi i dalføra. Tunnelmassane som vert tekne ut frå kraftstasjon, drifts-, tilkomst-, og avløpstunnelen ved Suppam (ca 130 000 m³) kan nyttast til utbetring av vegar i området og planeringsarbeid ved kraftstasjonen. Overskytande massar vert deponert i fjorden.

Det vert lagt mellombels kablar til anleggstadane frå eksisterande 22 kV nett.

Til bygginga av 132 kV-linja vil det bli brukt helikoptertransport og/eller terrenggåande køyretøy.

Framdrift

Anleggsarbeida for Leikanger kraftverk og 132 kV-linja frå Suppam til Seljevollen vert gjennomført samstundes. Framlegget til framdriftsplan gjev ei byggetid på ca 3 år. Med ei offentleg sakshandsaming på 2 år kan utbygginga stå ferdig i løpet av 2013.

Samla plan og verneplanar:**Samla plan**

Direktoratet for naturforvaltning (DN) har vurdert prosjektet i tilhøve til Samla plan. Konklusjonen frå DN er at det kan konsesjonshandsamast.

Verneplanar

Henjaelvi vart vurdert i samband med Verneplan IV. Vassdraget vart ikkje tilrådd verna. Nabovassdraget til Henjaelvi i aust, Sogndalselva, og naboelva til Grindselvi i vest, Kvinna, er varig verna mot kraftutbygging.

Ingen område i Grindsdalen eller Henjadalen er verna, eller har vore vurdert verna, gjennom nasjonale eller regionale verneplanar etter naturvernlova.

Verknader av utbygginga for det omsøkte alternativet A

Sognekraft AS la i april 2007 fram melding med framlegg til utgreiingsprogram for verknadene med utbygginga.

Kommunestyret gjorde vedtak om merknader og krav til utgreiingsprogrammet i møte 22.11.2007.

NVE fastsette endeleg krav til utgreiingsprogram den 26.mars 2008.

BKK Produksjon AS, med underkonsulentane Multiconsult AS, Miljøfaglig Utredning AS, Rådgivende Biologer AS og Odel, har på oppdrag frå Sognekraft AS vore ansvarlege for å utarbeide konsekvensutgreiinga for prosjektet. Arbeidet vart utført i 2007 og 2008.

Nedanfor er det gjeve eit samandrag av utgreiingsarbeidet. Dette gjev på langt nær ei fullgod framstilling av konsekvensutgreiingane. Dersom det er ønskeleg med ei grundigare innføring vert det synt til sjølve konsekvensutgreiingane.

Hydrologi

Etter utbygginga vil alle vassdraga som er omfatta av planane få redusert eller endra vassføring over året. Endringane vert størst oppe ved inntaka. I Henjaelvi vert restvassføringa 31 % og i Grindselvi 32 % av middelvassføringa ved utløpet i Sognefjorden.

Store Trastadalsvatnet skal, som i dag, nyttast som reservevasskjelde til Leikanger vassverk og settefiskanlegget til Marin Harvest. I tillegg er det planlagt at kraftverket kan disponera ein del av magasinet i periodar når tilsiget er mindre enn minste slukeevne til kraftverket.

Det er venta små endringar i grunnvasstanden langs elvane etter utbygginga. Ved Suppam kan det ikkje utelukkast at ein får drenering av grunnvatn på grunn av lekkasje inn til tunnelane.

Den reduserte vassføringa fører til at vasstemperaturen i elvane vert høgare vår og sommar og lågare om vinteren. Lufttemperaturen langs elvane vil også verta litt høgare om sommaren.

Samla vurdering:

Grunnvatn:	Liten negativ
Sedimenttransport og erosjon:	Ubetydeleg/ingen
Lokalklimatiske forhold:	Ubetydeleg/ingen

Landskap

Dei planlagde massedeponia og anleggsvegane i Grindsdalen og Henjadalen vil føra til ei karakterendring av landskapsformene. Endringane vil særleg verta tydeleg eksponert innafør landskapsområdet Gråurdane i Grindsdalen og sør for Nyastølen i Henjadalen.

Ei meir aktiv regulering av Store Trastadalsvatnet med ei hyppigare eksponert reguleringszone vil i periodar endra landskapet sin karakter.

Redusert vassføring i bekkar og elvar vil endra landskapet sin karakter. Særleg er Friksdøla, Traståna og Slettabotn i indre delar av Henjadalen relativt inntrykkssterke landskapselement som vert reduserte ved ei utbygging.

Anleggsvegane vil representera nye inngrep, men linjeføringar med lite masseflytting og tett lauvskog vil delvis kunne underordna inngrepa.

Den nye 132 kV linja vil verta tydeleg eksponert gjennom heile traseen. Det er likevel ikkje registert følsame kvalitetar innanfor dette landskapsområde der det allereie er to kraftlinjer frå før.

Samla vurdering:

Middels negativ

Kulturminne og kulturmiljø

Delar av den planlagde massetippen i Grindsdalen ligg innafør grensene av eit nasjonalt viktig kulturlandskap. Redusert vassføring vil føra til indirekte konflikt med automatisk freda kulturminne og nyare tids kulturminne på Nyastølen i Henjadalen, eit nasjonalt viktig kulturlandskap i Grindsdalen og eit automatisk freda kulturminne på Seljevollen. På Suppam vil kraftlinja koma i indirekte visuell konflikt med omliggjande bygningar og kulturmiljøet der. Det kan vere marinarknologiske kulturminne knytt til skip i fjorden rett utanfor garden Suppam.

Samla vurdering:

Kulturminne, Henjadalen:	Liten negativ
Kulturmiljø, Henjadalen:	Middels negativ
Kulturminne, Grindsdalen:	Ubetydeleg/Ingen
Kulturmiljø, Grindsdalen:	Liten/Middels negativ
Kulturminne, Suppam:	Liten negativ
Kulturmiljø, Suppam:	Liten negativ

Flora og fauna

Redusert vassføring vil vera negativt for viktige vassdragstilknytt naturtypar som; bekkeløfta nedst i Grindselvi, fossesprutsona nedst i Henjaelvi og gråor/heggeskogen ovanfor Flyane. Av fugl er det i første rekkje fossekalen som vil bli negativt påverka.

I området ved Suppam kan utbygginga føra til at ein liten del av ein svært viktig lokalitet med natureng og edellauvskog vert råka. Dei andre fysiske inngrepa på bakken vil ha liten effekt for dyre- og fuglelivet og vil primært ha konsekvensar for trivielle artar og typar.

Det store tapet av inngrepsfrie naturområde vil vera negativt både for rovfugl og jaktbart vilt. Dette skuldast i første rekkje uro og auka ferdsle under anleggsperioden og i mindre grad dei tekniske inngrepa i naturen.

Den nye 132 kV-linja vil føra til auka kollisjonsfare for einskilde artar av fugl i området mellom Suppam og Seljevollen.

Samla vurdering:

Middels negativ

Fisk og ferskvassbiologi ,vasskvalitet, vassstemperatur og istilhøve

Reduksjon i vassdekt areal vil gje ein tilsvarande reduksjon i biologisk produksjon, men ikkje i førekomst av ulike typar vasslevande organismar eller fisk. Både vassdraga har eit grovt substrat med vekslende fall og naturlege tersklar som avdempar verknadane av redusert vassføring. Henjælvi er i dag truleg for vårkald for at laks kan ha ein årleg rekruttering. Ein venta høgare vårtemperatur i Henjælvi vil kunne endra tilhøva for fisk. Spesielt for laks vil ein slik temperaturauke kunne resultera i at den vil kunna rekruttera og finnast.

Vasskvaliteten på dei regulerte elvestrekningane vil sannsynlegvis verta mindre utsett for variasjon i surleiksnivå. Dette vil kunna føra til noko betre marginalverdiar i Grindselvi, medan det ikkje vil får særleg verknad for vasskvaliteten i Henjælvi.

Redusert vassføring fører også til mindre resipientkapasitet for tilførsle frå gjødsla landbruksområde og mogelege avlaup frå busetnad. Dette vil kunne gje seg utslag på vasskvaliteten i turre periodar i nedre del av Henjælvi, men det er lite aktuelt oppe i Henjælvi og i Grindselvi.

Samla vurdering:

Henjælvi: Middels negativ

Grindselvi: Ubetydeleg/liten negativ

Støy og luftforureining

Anleggsaktivitetane vil særleg i startfasen føra til ein del støy og støvplager. Seinare vil støy frå vifter og under tipping av steinmassar føra til noko støy. Ved Suppam ligg næraste busetnad 100 m og 250 m frå anleggstaden. For dei to andre anleggstadane, Gildalsbrekka i Grindsdalen og ved Nyastølen i Henjadalen er næraste bygningar stølar og fritidseigedomar, høvesvis med ein avstand på om lag 0,5 km og 1 km.

Arbeidet med anleggsvegane og ein del helikoptertrafikk vil gå føre seg i god avstand frå busetnad og vil i første rekkje påverke dei som utøver friluftsliv nær anleggsområda. I driftsfasen vil det ikkje verta noko støy.

Samla vurdering:

Anleggsfasen: Middels negativ

Driftsfasen: Ubetydeleg/ingen

Jord- og skogbruk

Ei utbygging vil ikkje gå ut over jordbruksareal (fulldyrka eller overflatedyrka). Det er i tillegg snakk om små arealbeslag av innmarksbeite (Suppam) og i område med kulturskog (kraftlinjetraseen i Grindsdalen).

Utbygginga vil ha ein moderat effekt som flaumdempende tiltak med redusert fare for skade på vassinntak, skogsvegar, bruer og mindre risiko for tap av lam på beite.

Bygging av anleggsvegen frå Flyane og opp til det planlagde inntaket i Traståna vil gjere det mogleg for grunneigarane å ta ut ein god del lauvskog i øvre del av Henjadalen. Veggen vil i tillegg lette tilsynet med beitedyr i dalføret. Anleggsvegen er difor vurdert som positiv for landbruket i området.

Gjennom avtalar med Sognekraft vil fallrettseigarane få eit positivt bidrag til økonomien sin.

Samla vurdering:

Liten/middels positiv

Ferskvassressursar

Sognekraft er i dialog med kommunen og Marine Harvest om uttak av vatn frå Henjaelvi til det kommunale vassverket og inntaket til settefiskanlegget.

Når det gjeld den private vassforsyninga i området Nygard - Suppam - Fjellheim, så vil tilkomst- og avløpsføringstunnelen kunne føre til lokalt redusert grunnvasstand.. Dette vil kunne føre til mindre vatn eller tørrlegging av drikkevasskjeldene på Suppam og Fjellheim. Det er svært lite truleg at fjellbrønnane på Nygard vert påverka av ei utbygging. Ei eventuell utbygging av Leikanger kraftverk vil heller ikkje påverke vasstanden i brønnane på Holene, Huke, Fosse, Grinde eller Engjasete.

Sognekraft planlegg i alle tilfelle å sleppe ei minstevassføring i vassdraget som vil vera stor nok til å sikra vassforsyninga i området.

Samla vurdering:

Vassforsyning:	Ubetydeleg/liten negativ
Småkraftpotensialet:	Middels/liten negativ
Anna bruk:	Ubetydeleg/ingen

Marine ressursar

Driftsvassføringa frå kraftverket ut i fjorden vil ikkje få nokon påviselege verknader for flora eller fauna i fjorden, eller for vandringsmønsteret for laksefisk i Sognefjorden. Det er heller ikkje venta verknader for fiskeri eller fiskeressursane i fjorden.

Samla vurdering:

Ubetydeleg/ingen

Mineral og masseførekomstar

Ei eventuell utbygging av Leikanger kraftverk vil ikkje råka viktige førekomstar av mineralske råstoff, pukk eller grus (grusførekomstane ved Grinde, Røysum og Dalen vert ikkje råka).

Samla vurdering:

Ubetydeleg/ingen

Befolkningsutvikling, bustadbygging, næringsliv, sysselsetjing, kommunal økonomi og sosiale- og helsemessige forhold

Det er vurdert at prosjektet vil ha liten direkte verknad for befolkningsutvikling, bustadbygging, sosiale og helsemessige forhold, både under anleggs- og driftsfasen. Men dei auka skatteinntektene frå kraftverket, spesielt i driftsfasen, vil gje kommunen høve til å gje eit høgare tenestetilbod, som igjen indirekte kan gje positive utslag på dei nemnde velferdsfaktorane.

Det er forventa eit sysselsetjingsbidrag til lokalt/regionalt næringsliv på rundt 20 årsverk fordelt over ca. 3 års anleggsperiode. Mesteparten av dei potensielle leveransane vil vera innanfor bygg- og anleggsverksemd i samband med driving av overføringstunnel, anleggsvegar og kraftstasjon. Kommunen kan få 2-3 nye faste arbeidsplassar i driftsfasen. Kraftverket vil gje fallrettsinntekter til dei privat grunneigarane som er utrekna til å ha ein gjennomsnittleg årleg verdi (annuitet) på rundt rekna 2,5 mill kr totalt etter skatt.

Leikanger kommune vil i driftsperioden få naturressursskatt, konsesjonsavgift, konsesjonskraft, fallrettsinntekter, utbytteinntekter og eigedomsskatt. Denne inntektsauken til kommunen er utrekna til å verta 4,2 mill.kr pr. år i 2008 kroneverdi. Under anleggsfasen vil kommunen berre få eigedomsskatt. Den vil vera varierende frå ca. 1,2 mill. kr første år til 3,7 mill. kr siste året.

Kommunane i området vil også få indirekte utbytteinntekter gjennom sine medeigardelar i Sognekraft AS.

Samla vurdering:

Næringsliv og sysselsetting: Ubetydeleg/liten positiv

Kommuneøkonomien: Middels/stor positiv

Kommuneøkonomien samanstilt:

Multiconsult sin rapport om "Samfunnsmessige virkninger" er lagt ved saka

Multiconsult AS sin har summert inntektene slik:

Utbyggingsalternativ A:

Tabell: Inntekter til Leikanger kommune – 2008 kroneverdi

Inntekt	Anleggsperiode	1.driftsår	F.o.m 7.driftsår
Naturressursskatt, netto etter inntektsutjamning		15 000	405 000
Konsesjonskraft, etter skatt		150 000	150 000
Konsesjonsavgift		48 000	48 000
Eigedomsskatt	1. år: 1,2 mill kr 2. år: 2,5 mill kr 3. år: 3,7 mill kr	3 028 000	3 028 000
Næringsfond o.a	Ikkje kalkulert	Ikkje kalkulert	Ikkje kalkulert
Fallrettsinntekter		500 000	500 000
Utbytteinntekter		100 000	100 000
Sum skatteinntekter, ca (netto gevinst)	7,4 mill kr (over 3 år)	3 841 000	4 231 000

Alternativ B: (Ikke omsøkt konsesjon)

Tabell: Inntekter til Leikanger kommune – 2008 kroneverdi

Inntekt	Anleggsperiode	1.driftsår	F.o.m 7.driftsår
Naturressursskatt, netto etter inntektsutjamning		10 000	10 000
Konsesjonskraft, etter skatt		105 000	105 000
Konsesjonsavgift		35 000	35 000
Eigedomsskatt	1. år: 0,9 mill kr 2. år: 1,7 mill kr 3. år: 2,6 mill kr	2 055 000	2 055 000
Næringsfond o.a	Ikkje kalkulert	Ikkje kalkulert	Ikkje kalkulert
Fallrettsinntekter		290 000	290 000
Utbytteinntekter		58 000	58 000
Sum skatteinntekter, ca (netto gevinst)	5,2 mill kr (over 3 år)	2 553 000	2 693 000

ECON notat 2009 -024 vedk kommuneøkonomi:

Debatten frå ”ope folkemøte” og i etterkant avdekkja at det vart reist spørsmål til Multiconsult sitt talmateriale for kommunen sine skatteinntekter og falleie.

Sognekraft AS og Leikanger kommune tok initiativ til å engasjere ECON (konsulentselskap innan samfunnsøkonomisk og organisatorisk analyse) til å utarbeide ein alternativ rapport.

Econ har lagt fram sine utrekningar ved eige notat som er lagt ved saka.

Notatet kan oppsummerast slik:

Tabell: Inntekter til Leikanger kommune – Faste 2009- prisar (prisar som ikkje er inflasjonsjustert)

	2014 1 dr.år	2020 7 dr.år	2030	2050	2070
Nat.ressursskatt etter innt.utjamning	118	810	810	810	810
Eigedomsskatt	2346	3029	3029	3029	3029
Konsesjonskraft	294	315	440	440	440
Falleie til kommunen	842	803	2096	3431	3691
Skatt på falleie til private grunneigarar etter innt.utjamning	348	332	866	1419	1526
Konsesjonsavgift	48	48	48	48	48
Sum inntekter	3996	5337	7 289	9177	9544

Econ sine utrekningar syner eit høgare inntekspotensiale enn Multiconsult sine tal. Rådmannen har ikkje merknader til skilnaden utover at kommunen vart tilrådd å innhente ein alternativ gjennomgang frå ECON utifrå deira kompetanse på dette området. Det er likevel viktig å presisere at Multiconsult og Econ har brukt ulike utrekningsmåtar og kroneverdiar. Differansen blir m.a tydeleg for berekninga av falleia der Multiconsult har rekna denne etter ”nåverdiprinsippet”.

Utbyggingsavtale mellom Sognekraft AS og Leikanger kommune:

Omfram dei lovmessige økonomiske ytingane er det framforhandla ei eiga utbyggingsavtale med Sognekraft AS. I forhandlingane var kommunen representert med eit eige forhandlingsutval: O.Lunden, A.Fossøy og D.Lefdal. Vidare deltok rådmann og nærings- og utviklingsjef saman med adv. U.Larsen

Utbyggingsavtalen er meint å sikre kommunen økonomiske kompensasjonar som erstatning for konsekvensar som utbygginga vil medføre for rekreasjonsområda og andre samfunnsmessige forhold, samt å sikre at vassforsyninga skal ha prioritet framfor kraftverket.

Utbyggingsavtalen vil gje slik økonomisk kompensasjon:

Fond/tilskot	Vilkår	Sum
Tilskot kunstgrasbane	Øyremarka og utbetalast etter positivt vedtak kommunestyret. Føreset positivt vedtak til søknaden	1 000 000
Næringsfond	Generelt med utbetaling etter konsesjon og investeringsvedtak Sognekraft AS	5 000 000
Tilskot barn, ungdom og friluftsliv	Investeringsstilskot med utbetaling ved oppstart utbygging	2 000 000
Næringsfond	Knytt opp til overskotsdeling fyrste 5 driftsår. Opptil 5% av netto kontantstraum (etter skatt) avgrensa opp til 2 mill	2 000 000
Samla		10 000 000

Kopi av utbyggingsavtalen ligg ved saka.

Merknad til utbyggingsavtalen

Leikanger kommune har motteke brev frå Fylkesmannen i S og Fj, dat 27.05.09 med merknad til utbyggingsavtalen. Bakgrunnen for brevet er motteken e-post frå ”Informasjonskomiteen for Syrstrondvassdraga”, dat 20.05.09 til Fylkesmannen, der det er stilt spørsmål om kommunen har høve til å inngå avtale med Sognekraft om økonomisk kompensasjon med dei vilkår som avtalen bygger på.

Leikanger kommune har ikkje kopi av nemnde e-post.

Fylkesmannen sitt brev er lagt ved saka.

Fylkesmannen har ikkje konkludert med at avtalen er ulovleg, sitat ”*det er likevel ikkje gitt at avtalen er ulovlig, dette er forhold som kommunen må vurdere i forbindelse med sin behandling i kommunestyret*”.

Interessagruppa sin e-post til Fylkesmannen samt Fylkesmannen sitt brev er datert før den endelege utbyggingsavtalen var forhandla ferdig. I den endelege avtalen er det ikkje lenger gjort bindingar om positivt vedtak til eit konkret volum GwH.

Leikanger kommune har i etterkant sendt merkningen til adv.firma Lund & CO v/ U Larsen til vurdering. Adv U.Larsen har ved e-post dat 28.05.09 komi med følgjande uttale:

”Jeg har gjennomgått merknadene fra Fylkesmannen og sammenholdt disse med det avtaleforslaget som er endelig fremforhandlet. Det er forhandlet frem et utkast til utbyggingsavtale som skal forelegges kommunestyret for avgjørelse sammen med konsesjonssøknaden. Avtalen bygger på en forutsetning om at kommunestyret uttaler seg positiv til konsesjonssøknaden, hvilket er en selvsagt og helt ordinær forutsetning i en utbyggingsavtale. Det er lang tradisjon i norsk vannkraftutbygging for inngåelse av tilsvarende utbyggingsavtaler, og det utkastet til avtale som nå er forhandlet fram bygger på samme modell som norske kommuner i årtier har inngått med kraftutbyggere, og som så vidt vi vet ingen tidligere har stilt spørsmålstegn med lovligheten av. Det er etter vårt syn ikke treffende å beskrive dette som et spørsmål om forhåndsbinding av forvaltningsmyndighet, eller bruk av forvaltningsmyndighet som byttmiddel mot økonomiske ytelser. Det er tale om en avtale som gir kommunen rettigheter ut over det som kan påregnes ved en ordinær konsesjonsbehandling, som gjelder disposisjon over kommunens fallrettigheter mv., og som bygger på en forutsetning om at kommunestyret treffer et vedtak med et visst innhold. Avtalen binder ikke kommunestyret i forhold til innholdet av vedtaket, men bygger på en forutsetning - som er helt naturlig - om et kommunestyrevedtak med et nærmere angitt innhold.

Basert på dette er det vårt klare syn at det ikke kan stilles spørsmål ved lovligheten av det avtaleutkast som forligger.”

Friluftsliv, jakt, fiske og turisme

Konsekvensgraden er vurdert som mest negativ i Henjadalen, og i hovudsak ovanfor Flyane. Den reduserte vassføringa nedanfor inntaka vil verka negativt for landskapsopplevinga i bådalføra. Ein meir aktiv bruk av Store Trastadalsvatnet som reguleringsmagasin vil kunne verka negativt for utøvinga av fiske i vatnet. Dei aktuelle elvane har eit avgrensa potensiale for

bading og fiske i dag, men ved terskelbygging kan det utviklast gode lokalitetar langs elva også med ei redusert vassføring.

Anleggsvegen inn til øvre deler av Henjadalen representerar ei form for tilrettelegging for friluftslivsbruken. For einskilde brukarar vil tiltaket opplevast positivt som ein einklare tilgang til fjellet. For andre vil anleggsvegen representere eit tungt, teknisk inngrep i eit lokalt viktig friluftslivsområde der nettopp enkel tilkomst allereie er eit av dei viktigaste grunnane til den relativt omfattande bruken. Tapet av den urørte kvaliteten veg difor ikkje opp mot ein ytterlegare tilrettelegging i dette området.

Massedeponia vert gjeve ei fornuftig lokalisering for å hindra konflikt med friluftinteressene. Dei vil i alle tilfelle verta tydeleg eksponerte innafor eit vakkert og spennande landskap.

132 kV linja vil skjæra over ein mykje brukt turtrase mot Dalsbotnen sommarstid.

Samla vurdering:

Stor/middels negativ

Avbøtande tiltak

Nokre av tiltaka vedkjem berre anleggsperioden og andre av tiltaka gjeld permanente tiltak. Det er gjort framlegg om ei rekkje avbøtande tiltak i utgreiingane, nokre av tiltaka går også igjen i dei ulike utgreiingane med ulik grunngjeving for tiltak.

Føreslåtte tiltak som Sognekraft vil gjennomføre er:

- Minstevassføring (sjå også grunngjeving nedanfor)
- Bygge anleggsvegane så skånsamt som mogleg.
- Bygge tersklar i Henjaelvi i dei flate partia ved Fivelhola/Flya
- Sette opp reirkasser for fossefall på tilviste stadar
- Ved bygging av kraftleidningar vil det bli teke særleg omsyn ved rydding av skog i trasèen
- Ta særlege omsyn ved plassering av massedeponi, og arronderinga av desse etter utbygging
- Gjennomføre støydempende tiltak ved tunnelpåhogga ved Suppam i anleggsperioden
- Tiltak for å redusere støv og tilføring av finstoff (slam) til vassdraga i anleggsperioden
- Tiltak for å forhindre utslepp av olje, drivstoff og liknande til vassdraga i anleggsperioden
- Etter innspel frå grunneigarar i Henjadalen vil det verte tilrettelagt for parkeringsplass og sankekvie ved tippen i Henjadalen og anleggsvegen frå tippen i Henjadalen til inntaka i Slettabotn og Traståna vert stengd med bom.

Minstevassføring

Fagrapporten "Friluftsliv, jakt, fiske og turisme" gjer framlegg om at det må vurderast minstevassføring, med omsyn til estetiske forhold og til dels med omsyn til utøving av fiske, tilsvarende 5 % persentilen i sommarhalvåret, spesielt i Henjaelvi.

Fagrapporten "Landskap" gjer framlegg om at det må vurderast minstevassføring opp mot 5% persentilen med omsyn til estetiske forhold.

Fagrapporten "Ferskvassøkologi" føreset at den foreslåtte minstevassføringa (jmf. forslag til manøvreringsreglement) er tilstrekkelig.

Sognekraft sine vurderingar er at dersom det skal sleppast ei minstevassføring tilsvarande 5% persentilen forbi inntaka, medfører dette ein reduksjon i produksjonen på om lag 37 GWh. Ei så stor slepping av minstevassføring tilsvarande 5% persentilen gjer at prosjektet vert ulønsamt.

I Henjaelvi må det sikrast tilstrekkeleg med vatn til drikkevassforsyning og til smoltanlegget på Hermansverk. Sognekraft har på grunnlag av dette og på bakgrunn av anbefalingar i andre fagrapportar difor vurdert å sleppa ei minstevassføring forbi inntaka i Stavseta i Grindsdalen og Friksdøla i Henjadalen.

Sognekraft gjer såleis framlegg om følgjande minstevassføring.:

Forbi inntaket i Stavseta i Grindsdalen skal det sleppast ei minstevassføring, tilsvarande alminneleg lågvassføring på inn til 82 l/s i perioden 1. oktober til 30. april, og to gonger alminneleg lågvassføring på inn til 164 l/s i perioden 1. mai til 30. september.

Forbi inntaket i Friksdøla i Henjadalen skal det sleppast ei minstevassføring, tilsvarande alminneleg lågvassføring på inn til 127 l/s i perioden 1. oktober til 30. april, og to gonger alminneleg lågvassføring på inn til 254 l/s i perioden 1. mai til 30. september.

I følgje driftssimuleringar utgjer denne tappinga eit midlare produksjonstap på 12 GWh/år i forhold til ikkje å ha minstevassføring.

Det er gjennomført ei eiga utgreiing av Norconsult for å sikra vassforsyninga til Leikanger vassverk og Marine Harvest sitt settefiskanlegg, både under anleggsperioden og etter at Leikanger kraftverk er sett i drift. Sognekraft er i dialog med kommunen og Marine Harvest for å finna den beste løysninga for både mellombels og permanente tiltak.

Magasinrestriksjon

Leikanger kraftverk får liten regulering. Magasinet i Store Trastadalsvatnet vert nytta til kraftproduksjon i periodar med tilsig mindre enn slukeevna. I tillegg må magasinet berre nyttast til å sikra vassforsyning til Leikanger vassverk og til smoltanlegget til Marine Harvest. Magasinet vert såleis ikkje nytta for å kunne oppretthalda minstevassføringa i vassdraga.

Sognekraft er i forhandlingar med Marine Harvest med sikte på å inngå ein minneleg avtale for blant anna å sikra dei tilfredsstillande vassforsyning til smoltanlegget. Forhandlingane er ikkje slutførte, men status pr. d.d. er at kan det vera aktuelt å installera eit resirkuleringsanlegg med reinsing som gjer at smoltanlegget gjer seg nær 100 % uavhengig av vasstilførsel frå Henjaelvi.

Saksgang vidare

Søknader om kraftutbygging kan delast i 3 hovudfasar:

Fase 1: Utbyggjar sender melding til NVE med presentasjon av planane

Fase 2: Fastsetting og gjennomføring av konsekvensutgreiingsprogram

Fase 3: Handsaming av konsesjonssøknad.

I samband med fase 1 gjennomførte Sognekraft eit ope folkemøte i Leikanger den 4.oktober 2007 der Sognekraft orienterte om utbyggingsplanane. NVE var tilstades og orienterte om saksgangen vidare.

Saka er no i fase 3 der Leikangar kommune skal gje sin uttale til konsesjonssøknaden.

Søknad med konsekvensutgreiing er sendt Olje- og energidepartementet (OED) v/NVE som har ansvaret for den vidare handsaminga. Handsaming av konsesjonssøknad og konsekvensutgreiing vil gå føre seg samstundes. Søknaden med konsekvensutgreiing er sendt på høyring til sentrale og lokale styremakter og sentrale interesseorganisasjonar. I tillegg er søknaden kunngjort i pressa og lagt ut til offentleg gjennomsyn i Leikanger. Søknaden og konsekvensutgreiinga kan lastast ned frå nettstaden til Sognekraft: www.sognekraft.no eller NVE www.nve.no

NVE arrangerte eit offentleg møte i Leikanger den 26.mars 2009 med informasjon om saksgangen og Sognekraft gjorde greie for utbyggingsplanane og presenterte resultatet av konsekvensutgreiingane.

Dei som vil uttale seg i saka kan sende dette skriftleg, innan høyringsfristen går ut. Høyringsfristen er sett til 15.juni 2009.

Etter at høyringsfristen er ute, vil NVE ta til med slutthandsaminga av saka og skrive si innstilling til OED som førebur saka for regjeringa i statsråd. Som ein del av handsaminga vil NVE, på bakgrunn av kommentarane til konsekvensutgreiinga, avgjere om utgreiingsplikta er oppfylt. Store og/eller konfliktfylte saker vert eventuelt lagt fram for Stortinget. Det kan i konsesjonen setjast vilkår for drift av kraftverket og gjerast pålegg om tiltak for å unngå eller redusera skader og ulemper.

Vurdering

Ei kraftutbygging av Henjaelvi og Grindselvi vil få ulike konsekvensar for landskap, natur- og miljø, hydrologi, friluftsliv m.m.

Verknadene på dei ulike fagområda er utgreitt gjennom konsekvensutgreiingsprogrammet som er gjennomført. Rådmannen ønskjer ikkje å koma med nærare merknad til dette og syner til dei oppsummeringane som gjort, jfr. vedlegg til saka.

For fagområdet vassforsyning er det ikkje fullført konsekvensutgreiing. Her ligg det berre føre førebels vurderingar. Sognekraft har til no valt berre å konsentrera seg om grunnvatn som løysing av vassforsyningsproblemet, både i anleggsfasen og som permanent løysing. Dersom det syner seg at det vert funne grunnvassressursar som både i mengde og kvalitet og over tid er varige, vil dette vera ei god løysing for drikkevassforsyninga. Leikanger kommune har innhenta fråsegn på rapporten frå Norconsult frå Mattilsynet, som er godkjenningstyremakt for drikkevassforsyninga. Dei har i brev av 25.03.09 gjort ei vurdering av mogelege konsekvensar dersom vassinntaket vert i Henjaelvi på same stad som i dag. Deira konklusjonar er:

- Dei ser at risikoen for ureining av drikkevannet med olje/drivstoff/slam i anleggsperioden vert uakseptabel stor, og meiner at alternativ vassinntak oppstrøms anleggsområdet må bli betre utgreia.

- Dersom eksisterande vassinntak framleis skal bli nytta, må mogeleg endringar i vasskvalitet i anleggs- og driftsfasen bli betre utgreia. Vassverkseigar (kommunen) må sikre at dei hygieniske barrierane vil fungere tilfredsstillande.
- Det må bli sikra at dei hygieniske barrierane ikkje får redusert kvalitet for parametrane lukt og smak.

Når Leikanger kommune skal ta stilling til om ein vil gå inn for søknaden eller ikkje, må det bygge på ei samla vurdering av dei positive og negative konsekvensane utbygginga vil få på dei ulike fagområda, sett opp imot dei samfunnsmessige verknadene både økonomisk og på andre måtar.

Den største positive verknaden vil ligge på dei årlege inntektene som tilfall grunneigarar i vassdraga og Leikanger som lokalsamfunn. Med grunnlag i dei avtalene som er inngått vil både grunneigarar og kommunen vera sikra 50% av netto kontantstraum dei fyrste 20 åra etter at produksjonen er i gang og 60% dei seinare åra.

På denne måten er ein lokalt sikra å ta del i den verdiskapinga som kraftproduksjonen vil koma til å gje i framtida.

Den verdien dette vil få for grunneigarane er i liten grad trekt fram gjennom utgreiingane og debatten som har gått føre seg, men sett i forhold til at dette er eigarar med små og til dels tungdrivne bruk vil det her ligge eit inntektspotensiale som kan vera avgjerande for om gardane blir drivne som aktive bruk framover.

Ein syner her til vedlagte konsulentrapportar om dei økonomiske verknadene.

Dette utgjer eit vesentleg tillegg til dei løpande inntektene og kan sikre Leikanger som lokalsamfunn eit langt større handlingsrom enn situasjonen gir i dag.

Dette må vegast opp mot dei negative konsekvensane som i fyrste rekke, slik rådmannen vurderer det, knyter seg til dei naturmessige inngrepa med nye vegar, deponering av tippmassar, inntaksanlegg, nye kraftliner og sterkt redusert vassføring i elvane.

Det må også leggjast vekt på at nokre av desse konsekvensane også har positive verknader som til dømes utbetring av vegar som lettar tilkomsten til dalføra.

Rådmannen legg til grunn at kommunestyret slutta opp om Sognekraft AS sin søknad i 2006 om overflytting frå kategori II i Samla plan til kategori I som opnar for konsesjon til utbygging av vassdraga.

Med ny handsaming av saka i 2008 slutta kommunestyret opp om meldingssaka og vedtok merknader/innspeil til konsekvensutgreiingsprogrammet.

Rådmannen tolkar kommunestyret slik at ein ønskte å få utgreitt potensiale for ei utbygging av Henjaelvi og Grindselvi saman med ei synleggjering av dei positive og negative konsekvensane med ei slik utbygging.

Etter ei samla vurdering meiner rådmannen dei positive verknadene med utbygginga er større enn dei negative. Her legg ein særleg vekt på at det er oppnådd ein god avtale for bortleige av fallrettane som både grunneigarar og kommunen kan få god utteljing av i ettertid. Likeeins vil kommunen få ein vesentleg auke i årlege inntekter i form av skattar og avgifter som sikrar lokalsamfunnet Leikanger eit betre økonomisk handlingsrom i framtida.

Utbyggingsavtala vil sikre kommunen minimum 8 mill kr, truleg inntil 10 mill kr, i form av investeringstilskot og næringsfond som eingongskompensasjon for tap av samfunnsmessige verdier.

Rådmannen ønskjer ikkje å nedtone dei negative konsekvensane med utbygginga, særleg at begge dalføra er viktige rekreasjons- og nærturområde for lokalsamfunnet. Spesielt den sterkt reduserte vassføringa i elvane vil redusere opplevingsverdien monalag.

Til sjuande og sist må ein likevel ta eit standpunkt. Standpunktet må takast ut ifrå dei naturmessige og samfunnsmessige konsekvensane kraftutbygginga vil få og vege dette opp i mot dei kompensasjonane som ein oppnår gjennom rettmessige krav, avtaler og vilkår knytt til konsesjonen.

Omfram dei føringane som kommunestyret tidlegare har signalisert i spørsmålet om utbygging har rådmannen vurdert dei samla kompensasjonane som såpass gode at ein kan gje positiv tilråding søknaden..

Tilrådinga bygger på ein klar føresetnad om at Leikanger kommune presiserer fleire krav knytt til oppfølginga av fagrapportane samt sikring av den framtidige drikkevassforsyninga som vilkår for å gå inn for konsesjonssøknaden.

Krava er nærare presisert i tilrådinga.

LEIKANGER KOMMUNE

MØTEBOK

Søknad om oppreisning

Sakshandsamar: Gunnar Steine	Arkiv: 271
Arkivsak nr.: 09/332	§13 ikkje off

Sak nr.: Utval	Møtedato
/ Formannskapet	09.06.2009
21/09 Kommunestyret	09.06.2009

TILRÅDING:

Leikanger kommune vedtek å yta slik oppreisning:
Søklar A kr. 250.000,-
Søklar B kr. 250.000,-
Den samla utbetalinga på kr. 500.000,- vert dekkja ved innsparde midlar på ansvar 12233.

DOKUMENT:

- 2 søknader om oppreisning
- Vedtekter for kommunal oppreisningsordning
- Vurdering av søknadane (vedlegg)

SAKSUTGREIING:

Leikanger kommune har motteke søknader om kommunal oppreisning for 2 barn plassert ved Furuheimen barnehjem i Kristiansand av barnevernet i Leikanger på 1960-talet. Søknadene er i utgangspunktet fremja for ei interkommunal oppreisningsordning etablert i Agder-fylka. Søknadene er så oversendt Leikanger kommune som plasseringskommune, med oppmoding om å vurdere søknadene og ta eit størst mogeleg økonomisk ansvar i sakene.

Innleiing:

Ei rekkje kommunar i Agder-fylka samarbeider om ein kommunal oppreisningsordning. Dette er ein ordning for personar som har vore utsett for overgrep eller omsorgssvikt under barnevernet si omsorg før 01.01.93. I utgangspunktet gjeld dette for barn plassert i barneverninstitusjonar i Kristiansand av dei deltakande kommunane på Sørlandet, men det er opna opp for at barn plassert av andre kommunar enn deltakarkommunane fram til 1980, også kan søka om oppreisning. Dette ut frå tilsynsansvaret Kristiansand kommune har hatt med institusjonane. Syner til vedtektene for oppreisningsordninga.

I vedtektene § 6, 5. ledd heiter det:

I de tilfellene hvor personer plassert av andre kommuner enn deltakerkommunene ved barnehjem i Kristiansand (jfr. § 4, andre avsnitt) søker om oppreisning, må oppreisningsutvalget kunne foreta en mer skjønnsmessig vurdering ved utmåling av oppreisningsbeløpet. Sekretariatet skal i disse sakene sørge for å ta kontakt med plasseringskommunen før oppreisningen endelig fastsettes for å be om at plasseringskommunen tar størst mulig ansvar.

Dei 2 personane det no vert søkt om oppreisning for, budde på Furuheimen barnehjem i Kristiansand i perioden 1963 til 1968 / 1974. Det er på denne bakgrunn at oppreisningsordninga har vendt seg til Leikanger kommune, som plasseringskommune, og bedt om at kommunen gjennomgår saka og tek eit størst mogeleg økonomisk ansvar.

Leikanger kommunar har ikkje vedteke noko eiga ordning for oppreisning i slike saker. Rådmann finn det naturleg å støtta seg til dei vedtektene som gjeld for ordninga i Agder-fylka ved handsaming av desse 2 søknadene.

Kriteria for utmåling av oppreisning

Av § 5 i vedtektene for ordninga heiter det mellom anna:

Ved vurdering av om oppreisning skal gis og størrelsen på oppreisningen skilles det mellom aktive overgrepshandlingar, dvs. konkrete ulovlige og straffbare handlingar og det som kan kalles passive handlinger, dvs. omsorgssvikt.

Overgrep:

Til de som gjennom egenerklæringer og eventuell annen dokumentasjon klargjør at de har vært utsatt for seksuelle overgrep eller grov vold ytes oppreisning på 725.000 kroner. Det samme gjelder for de som har vært utsatt for gjentatte overgrep, herunder en tilstand som kan karakteriseres som vedvarende barneslavearbeid.

Til de som gjennom egenerklæringer og eventuell annen dokumentasjon klargjør at de har vært utsatt for andre overgrep ytes en oppreisning på 500.000 kroner.

Til de som ikkje er stand til å avgi beskrivende egenerklæringer om hva overgrepet besto i, ytes en standarderstatning på 300.000 kroner.

Omsorgssvikt:

Til de som gjennom egenerklæringer og eventuell annen dokumentasjon klargjør at de har vært utsatt for omsorgssvikt ytes en oppreisning på 300.000 kroner.

Til de som ikkje er i stand til å avgi beskrivende egenerklæringer om hva omsorgssvikten besto i, ytes en standardoppreisning på 200.000 kroner.

Søkere som får tilkjent et oppreisningsbeløp for å ha vært utsatt for overgrep kan ikkje i tillegg få oppreisning for omsorgssvikt.

Oppreisning ytes ikkje med utgangspunkt i juridisk ansvar for økonomisk tap.

Det skal etter oppreisningsutvalgets skjønnsmessige vurdering gjøres fradrag i oppreisningsbeløpet for beløp som allerede måtte være utbetalt som erstatning eller oppreisning fra andre kommuner eller fra plasseringskommunen, når søknaden om kommunal oppreisning gjelder de samme forhold det tidligere er utbetalt erstatning eller oppreisning for.

Vurdering:

Rådmann har vurdert søknadane opp mot ovannemnde vedtekter og kome til at Leikanger kommune bør yta ei oppreisning på kr. 250.000,- til kvar av søkerane, jfr. vedlegg.

Då det i budsjettet for 2009 ikkje er sett av midlar til dette føremålet, må dette skje ved ei tillegsløyving / budsjettendring.

Rådmann tilrår at det samla beløpet på kr. 500.000,- vert dekkja ved innsparde midlar i samband med avvikling av eit særtiltak i pleie og omsorg, ansvar 12233.

LEIKANGER KOMMUNE

MØTEBOK

Gjennomgang av tenesteproduksjonen i Leikanger kommune

Sakshandsamar: Odd Arve Rakstad
Arkivsak nr.: 08/725

Arkiv: 031

Sak nr.:	Utval	Møtedato
33/09	Formannskapet	19.05.2009
22/09	Kommunestyret	09.06.2009

TILRÅDING:

Kommunestyret vedtek:

- Kommunestyret vedtek framlegget til organisering av OU-prosjekt 2009, fase 2
- Det blir sett ei tidsramme på 2 år for gjennomføringa av prosjektet fram til 1 november 2011.
- Styringsgruppa får stilt til disposisjon ei økonomisk ramme på inntil kr 300.000,- til gjennomføringa av prosjektet. Summen blir dekt ved bruk av disposisjonsfond. Det skal søkjast om eksterne midlar/tilskot.
- Overordna mål om at omstillingsarbeidet skal redusere utgiftene/auke inntektene i drifta med 10 mill kr.
Styringsgruppa skal fremje tiltak på aktuelle omstillingar som har verknad med 60%, dvs 6 mill kr, med verkand frå 1.1.2010.
Styringsgruppa gjev nærare føringar på korleis omstillingskravet skal fordelast på ulike tenesteområde
- Kommunestyret føreset at det blir lagt inn eit budsjett- og omstillingsseminar for kommunestyret som del av møteplanen i okt/nov 2009.
- Framlegget til framdriftsplan.

DOKUMENT:

- Administrasjonsutvalet, sak 2/09 i møte 20.01.2009
- KS-konsulent, rapport med analyse av kommunen sin ressursbruk (utsendt tidl)
- OU prosjekt 2009(vedlagt)

SAKSUTGREIING:

Bakgrunn:

Kommunestyret vedtok i samband med årsbudsjettet for 2009 å få ein nærare gjennomgang av tenesteproduksjonen i Leikanger kommune. Kommunestyret ønskte ein slik gjennomgang for å få betre dokumentasjon på ressursbruken samla sett, korleis ressursbruken fordeler seg innanfor dei ulike tenestoområda. Likeeins korleis Leikanger nyttar sine ressursar i høve andre kommunar.

Administrasjonsutvalet vedtok i sak 2/09 å engasjere KS-konsulent v/H Moe til å forestå ein slik gjennomgang med grunnlag i følgjande bestilling:

”Kommunen skal gjennomføre eit større OU-opplegg for å oppnå betre balanse i økonomien. Driftsutgiftene i dag er høgare enn dei årlege ”sikre” inntektene, og vi ser at vi jamt over ligg høgare i ressursbruk enn andre kommunar, jfr Kostra. Problemet er likevel å få gjennomført dei nødvendige tilpasningane.

Prosessen er lagt opp med 2 trinn. Den fyrste delen går på bevisstgjerings/opplæring i kommunen sitt økonomiske system, samt status ressursbruk med basis i Kostra-tal. Den andre delen tenkjer vi oss skal gå på ein djupare gjennomgang av dei ulike tenestoområda der vi ser på organisering, rutinar og leiingsrolla. Også til denne delen vil kommunen nytte ekstern bistand”.

For å sikre ei god forankring i starten vart det køyrt eigne økonomikurs for både tilsette og kommunestyret.

Den etterfølgjande analysen vart utarbeidd med grunnlag i Kostra-tal for 2008 samt eigne intervju med alle tenesteeiningane, leiargruppa og medlemar av formannskapet.

KS-rapport 2- 2009

KS-konsulent v/H Moe presenterte rapporten om kommunen sin økonomi i ei felles samling med tenesteleiarane og formannskapet den 23 april 2009.

Kommunestyret vart orientert om rapporten møte 7 mai 2009.

Rapporten gir ei grundig analyse av ressursbruken i Leikanger med basis i Kostra-tal for 2008. Hareid og Hobøl er nytta som direkte samanlikningskommunar.

Hereid kommune vart valgt fordi denne kommunen er lik Leikanger når det gjeld inntektsnivå, utgiftsbehov og busettingsmønster. Hobøl er valgt som ein minsteinntektskommune for å syne korleis kommunar med mindre ressursar enn Leikanger driv dei same tenestene.

Det er også gjort samanlikning med kommunegruppe 2, kommunane i Sogn og Fjordane og landet (eksklusiv Oslo).

Rapporten konkluderer med at Leikanger kommune har eit behov for å kutte kostnader/auke inntektene i storleiken 7,5 – 9% av brutto driftsinntekter, dvs 10 – 12 mill kr.

Dette med bakgrunn i at dei løpande driftsutgiftene er vesetleg høgare enn driftsinntektene.

Dagens praksis er slik:

- Forventa avkastning frå kraftfondet, 4,5 mill kr, blir lagt inn i drifta kvart år
- Ubalansen i budsjettet blir saldert med bruk av 3,5 mill kr frå disposisjonsfond

- Budsjett og økonomiplan følger ikke prinsippet med "sunn kommuneøkonomi" dvs vedlikehold av formuen tilsvarande 3% av brutto driftsinntekter som utgjør om lag 4 mill kr.

Behovet for omstilling er:

- Minimum 8 mill kr
- Maksimum 12 mill kr.

KS-konsulent sin tilråding er at Leikanger kommune bør gjere nødvendige omstillingar i drifta for å frigjere 10 mill kr.

KS-konsulent avsluttar rapporten på flg måte:

"Leikanger kommune ligger høyt på alle områder og det burde være mulig å kutte kostnader og restrukturere tjenesteproduksjonen. KS-K har forståelse for de utfordringar Leikanger har, og at denne type prosesser er ekstremt krevende. Men, det er viktig at man gjør denne prosessen skikkelig og med nødvendig tyngde. Dette er ikke noe som "går over".

Oppfølging

Rapporten dokumenterer nåsituasjonen. Med unntak av nokre tilrådingar kjem ikke rapporten med løysingar på korleis økonomien skal koma i balanse.

Dette arbeidet må kommunen sjølv ta ansvar for å følgje opp.

Med utgangspunkt i at dei årlege driftskostnadene må reduserast med opptil 9% seier det seg sjølv at dette blir ei krevjande oppgåve som heile organisasjonen må stille seg bak. Det må sikrast forståing og aktiv vilje til å gjennomføre dei omstillingane som er nødvendig.

Ikke minst blir det ein krevande situasjon for dei politiske organa om å informere om situasjonen overfor brukarane, avklare forventningar og vedta tiltak som blir oppfatta som reduksjon av kvantitet og kvalitet på tenester.

Framlegg til organisering:

Skal vi koma i mål med ein så krevjande og omfattande prosess er det nokre føresetnader som må vera på plass:

- Brei medvedverknad av heile organisasjonen
- Politisk vilje, styring og forankring
- Ekstern og intern informasjon
- Nødvendig administrativ tyngde
- Økonomisk ramme
- Konkrete mål
- Framdriftsplan

Medverknad

Eit prosjekt som vil medføre så store omstillingar må sikrast brei medverknad i heile organisasjonen. Rådmannen meiner dette kan gjerast med å etablerere eit eige omstillingsprosjekt. Det kan organisererast som ein standard prosjektorganisasjon, jfr vedlegg til saka.

Politisk styring og forankring

Rådmannen meiner det er heilt nødvendig at polittikarane har ei aktiv rolle i oppfølginga av prosjektet. Det må gjerast i form av informasjon internt og eksernt til brukarane, oppstilling av klare målsetjingar og vedtak som standard og forventningar til tenestene som kommunen skal yte.

Rådmannen meiner eit utvida formannskap bør oppnemnst som styringsgruppe.

Informasjon

Behovet for informasjon er stort og må takast på alvor. Informasjonen er like viktig internt i organisasjonen som ut til innbyggjarane og brukarane. Informasjonsarbeidet bør koma i gang rimeleg raskt. Det er fleire måtar å gjere dette på. Rådmannen meiner den beste måten er å informere brukarane og dei tilsette direkte. Politikarane må ta del i dette.

Rådmannen vil tilrå at det blir lagt opp til eigne informasjonsmøter for dei tenesteeiningane. Eit slikt opplegg vil fungere betre ved at ein når fleire enn eit ope folkemøte. Folkemøte framstår som meire aktuelt når ein kjem så langt at ein har framlegg til konkrete tiltak og prioriteringar som skal gjennomførast.

Økonomisk ramme

Prosjektet må få stilt til disposisjon ei økonomisk løyving som kan nyttast til oppfølginga. På nokre tenesteområde kan det bli behov for å nytte ekstern bistand for å finne dei gode løysingane.

Ramma bør setjast til minimum kr 300.000,- og dekkast frå disposisjonsfondet. Det må søkjast om tilskotsmidlar som kan redusere bruken av fondsmidlar.

Mål

Kommunestyret og styringsgruppa må fastsetje konkrete mål for kva ein vil oppnå med prosjektet. Her vil det vera naturleg å ta utgangspunkt i KS sin tilråding om å redusere kostnader/auke inntektene med 10 mill kr. Det framstår som ambisiøst å greie så store omstillingar som det vil krevje i løpet av eitt år. Alternativet er at ein strekker dette over to år, men at det likevel skal finnast løysing på 50 – 60% med verknad frå 1.1.2010.

Framdriftsplan

Omstillingsarbeidet må koma i gang raskt med etablering av prosjektet og oppstartsmøte i arbeidsgruppene før sommaren.

Ein aktuell framdriftsplan fo arbeidet i 2009 kan vera:

- 19 mai 2009: Etablering av prosjektorganisasjonen
- 7. juni 2009 : Kommunestyret vedtek rammer og mål for oppfølgingsprosjektet
- 10 juni 2009: Gjennomført informasjon om KS-rapporten til tenesteeiningane og brukarane
- 25 juni 2009: Gjennomført oppstartsmøte i arbeidsgruppene
- 15.sept 2009: Arbeidsgruppene rapport om status i oppfølgingsarbeidet

- 15 okt 2009: Arbeidsgruppene ferdigstiller budsjettframlegg og aktuelle omstillinger som kan gjennomførast frå 1.1.2010
- 15 nov 2009: Gjennomført budsjett- og omstillingsseminar i kommunestyret som del av arbeidet med Økonomiplan 2010 – 2014.

LEIKANGER KOMMUNE

MØTEBOK

Årsmelding kontrollutvalet 2008

Sakshandsamar: Odd Arve Rakstad
Arkivsak nr.: 09/331

Arkiv: 033

Sak nr.: Utval
23/09 Kommunestyret

Møtedato
09.06.2009

TILRÅDING:

Saka blir lagt fram utan tilråding

DOKUMENT:

- Kontrollutvalet – Årsmelding 2008 (vedl)

SAKSUTGREIING:

Ein viser til vedlagte dokument ” Kontrollutvalet i Leikanger kommune – Årsmelding 2008.

LEIKANGER KOMMUNE

MØTEBOK

Rekneskapen - 2008

Sakshandsamar: Ingunn Broch Hauge
 Arkivsak nr.: 09/289

Arkiv: 212

Sak nr.:	Utval	Møtedato
24/09	Kommunestyret	09.06.2009
/	Formannskapet	09.06.2009

TILRÅDING:

Saka blir lagt fram utan tilråding

DOKUMENT:

- Rekneskap 2008 – vedlagt.
 Detaljrekneskapen – utsendt kun som vedlegg til e-post
- SF-revisjon – revisjonsmelding dat 07.05.09 (vedlagt)
- Kontrollutvalet – uttale til rekneskapen 2008 dat 15.05.09 (vedlagt)

SAKSUTGREIING:

Det vert vist til vdlagte saksdokument. Formannskapet vil handsame saka i forkant av kommunestyret sitt møte 9 juni 2009.
 Formannskapet sin tilråding blir lagt fram i møtet.

Tilleggsopplysning:

*Dokument "Rekneskap 2008", jfr vedlegg er eit samandrag av rekneskapen.
 Kommunestyret får også tilsendt "Rekneskap 2008 – detaljar" som vedlegg til e-post. Ein gjer merksam på at dokumentet er på svært mange sider med tanke på utskrift.
 Dei som ønskjer kopi av heile dokumentet eller delar av det kan ta kontakt med Serviceekspedisjonen.*

LEIKANGER KOMMUNE

MØTEBOK

Årsmelding 2008 for Leikanger kommune

Sakshandsamar: Odd Arve Rakstad
Arkivsak nr.: 09/40

Arkiv: 210

Sak nr.: Utval
/ Formannskapet
25/09 Kommunestyret

Møtedato
09.06.2009
09.06.2009

TILRÅDING:

Saka blir lagt fram utan tilråding

DOKUMENT:

- Årsmelding for Leikanger kommune 2008 - vedlagt

SAKSUTGREIING:

Ein viser til rådmannen sin "Årsmelding for Leikanger kommune 2008".
Årsmeldinga er sendt til medlemne av kommunestyret og lagt ut på heimesida.

Årsmeldinga har vori sendt SF-revisjon og Kontrollutvalet som ledd i handsaminga av rekneskapen 2008.

Ein viser til revisjonsmeldinga frå SF Revisjon og Kontrollutvalet, jfr vedlegg til sak "Rekneskapen for 2008"